



Maritimt & Marinehistorisk forum
Kristiansand orlogsforening

HELSEASPEKTET
Sjøfolk i utenriksfart og sykdommer
Krigsårene 1939 til 1945



Maritimt & Marinehistorisk forum

Kristiansand orlogsforening

Sjøfolk og helse

Krig fører med seg meir sjukdom. Det var særleg oppblomstring av tuberkulose og kjønssjukdomar som ga helsestyresmaktene utfordringar. Behovet for helsetenester og behandlinginstitusjonar for nordmenn i eksil var stort.

Våren og sommaren 1940 var det fleire tusen nordmenn berre i London og dei fleste av dei var sjøfolk og fangstmenn. Sommaren 1940 blei det oppretta eit norsk legekontor i St. George's Hall i London der mannskap kunne få helsekontroll og behandling medan dei var i land. Legekantoret i St. George's Hall var det første av ei rekke helsetilbod for nordmenn kring om i verda, til saman omkring 50 stader. Det blei oppretta legekontor, tannlegokontor, sjukehus og rekonvalesentheimar både i Storbritannia, USA, Canada og India. Dei blei kalla Norwegian Public Health Service Clinics. Desse sentra skulle i tillegg til å yte vanlege helsetenester også rådgi Nortraship, sjømannsorganisasjonane og norske konsulat i helsespørsmål og inspisere skip etter nærmare gitte retningsliner. Statens trygdekantor i London og New York handsama trygdesaker og ga råd i medisinske og hygieniske spørsmål. Arkiva etter dei to kantora omhandlar både stønader, trygder, sjukehjelp, naudhjelp, rekreasjonsopphald og feriar både for sjøfolk og statstenestemenn. Behandling av sjuke sjøfolk og utgifter i den forbindelse er også dokumentert mellom anna i arkiva etter Nortraship, Medical Department New York og Nortraship si Trygdeavdeling, Göteborgkantoret.



Maritimt & Marinehistorisk forum

Kristiansand orlogsforening

Sjøfolk og helse

Krig fører med seg meir sjukdom. Det var særleg oppblomstring av tuberkulose og kjønssjukdomar som ga helsestyresmaktene utfordringar. Behovet for helsetenester og behandlinginstitusjonar for nordmenn i eksil var stort.



Jul på norsk sjukehus i London.
PA-1209 NTBs krigsarkiv Ub-48




Maritimt & Marinehistorisk forum

Kristiansand orlogsforening

Tuberkulose

Forekomsten av tuberkulose var høy ,og det blei sett inn store ressursar for å få bukt med sjukdommen. Sjukehus og legekantor sette i gong med masseundersøkingar og behandla smitta. Vaksinerings blei lite brukt. Innføring av registreringsplikt for tuberkuloseramma viste alvorret i situasjonen. Eit eige register over tuberkuløse finst i arkivet etter Medisinaldirektøren i London.

Sjøfolk og helse



Tuberkulose blant sjøfolk – fra yrkesrisiko til fravær, men fortsatt navalmedisinsk utfordring

<http://www.sms1835.no/arkiv/Ongre%20A%20Et%20aI%202010%20Tuberkulose%20blant%20sj%C3%B8folk%20-%20fra%20yrkesrisiko%20til%20frav%C3%A6r%20men%20fortsatt%20navalmedisinsk%20utfordring.pdf>



Maritimt & Marinehistorisk forum

Kristiansand orlogsforening

Kjønssjukdom

Men det største helseproblemet for nordmenn i Storbritannia og oversjøiske land var kjønssjukdomar. Sjøfolk i handelsflåten og marinen var mest ramma. Overslag viser at omtrent 1/3 av sjøfolka i handelsflåten blei smitta av ein kjønssjukdom. Det høge talet på smitta hadde konsekvensar for bemanninga av flåten. Forebygging og tiltak mot kjønssjukdomar hadde derfor høg prioritet hos norske helsestyresmakter i eksil.

Allereie hausten 1940 kom det ein rapport frå medisinsk sakkunnige om veneriske sjukdommar blant norske sjøfolk i USA. Temaet stod deretter stadig på dagsordenen. Opplysnings- og haldningskampanjar stod sentralt i arbeidet med å få bukt med sjukdomane. Nye og meir effektive medikament blei tekne i bruk i behandlinga. Det blei også oppretta eit eige medisinsk sentralregister over venerisk sjuke. I mai 1945 hadde dette registeret 3.700 navn. Registeret er i arkivet etter Medisinaldirektøren i London.

Sosialdepartementet og medisinaldirektøren, begge London, er sentrale kjelder til kunnskap om helse og velferd for norske sjøfolk under siste verdskrigen. Arkiva dokumenterer også oppbygging og drift av norsk helseadministrasjon i eksil. Overordna helsepolitiske fagsaker er dessutan rikt dokumentert. Medisinaldirektør, seinare helsedirektør Karl Evang sitt arkiv inneheld også slik informasjon.

Det finst pasientjournalar etter mange av dei norske sjukehusa og legekantora kring i verda. Nokre sjukehus har eigne rekkjer med journalar for tuberkuløse eller pasientar med kjønssjukdomar. Helsearkiva frå Noreg i eksil har rik dokumentasjon om helsa til ekelpersonar og kan vere viktige for tilhøve som gjeld fysiske og psykiske langtids- eller seinskadar. Nokre av dei aktuelle arkiva er lista opp i det følgjande.

Sjøfolk og helse



Maritimt & Marinehistorisk forum

Kristiansand orlogsforening

Sjøfolk og helse



Det norske legekantor i New York trådte i funksjon 1. mars 1942. Den norske regjering i London opprettet under 2. verdenskrig en rekke norske legekantor i viktige havnesentre for å ta vare på sjøfolkene i den norske handelsflåten. Etter krigen ble mange av legekantorene nedlagt. Kontoret i New York var det behov for også etter krigen. Det ble ikke nedlagt før i 1973. Legekantoret var tilknyttet Det norske generalkonsulat i New York og het "Norwegian Public Health Service, Royal Norwegian Consulate General" mens virksomheten sorterte under Medisinaldirektøren i henhold til kgl. res av 7. november 1941. Etter krigen lå kontoret til Helsedirektøren. Kontoret hadde ansvar for det medisinske tilsyn med den norske handelsflåtes mannskaper og med menige fra norske militære styrker, hær, marine og flyvåpen. Legetjenesten var poliklinisk. Legen foretok bl.a. inspeksjoner på skip. Under krigen var behandling av syke og skadde sjøfolk hovedoppgaven. Det var også en oppgave å forebygge veneriske sykdommer. Etter krigen ble forebyggende helsearbeid vel så viktig. Ved påmønstring i New York måtte alle sjøfolk undersøkes på kontoret. Mønstringsundersøkelser, bl.a. tuberkuloseundersøkelser, ble derfor legekantorets viktigste oppgave. Det ble tatt røntgenbilder ved alle påmønstringer.

Periode: 1941 - 1973





Maritimt & Marinehistorisk forum

Kristiansand orlogsforening

Sjøfolk og helse

Det norske rekonvalesenthjem Eidsvold i New York 1944 - 1946

Peder Stålhane født 23.mai 1909

Ansatt ved rekonvalesenthjemmet "EIDSVOLD" i New York fra mai 1944 til etter frigjøringen i 1945.

Seilte Stuert i følge krigsregisteret

Registernummer under krigen: 24930 London, 14347 (91476) NY.

Gift med (jf. London-kort): Astrid Stålhane.

Karl Simon Svendsen født 18. juli 1900

Registernummer under krigen: 26286 London, 5108 (90645) NY. Gift med (jf. London-kort): Kristine Svendsen.

Arbeidet som stuert ved feriehjemmet "Eidsvold" og siden ved det norske rekonvalesenthjemmet i New York fra 15.8.1943 til 1.7.1945.

